



Jobbnorge ID: 172679
Deadline: 8/20/2019
Website: <http://www.mercuriurval.com>
Scope: Fulltime
Duration: Permanent

HR-direktør

Om stillinga

Vi søker kandidatar som identifiserer seg med kjerneverdiane våre - kompetent, open, modig - og som vil vere med på å motivere heile organisasjonen til å arbeide i tråd med desse.

Du får ei sentral rolle i den nye organisasjonen med ansvar for å utforme ein heilskapleg og framtidsretta HR-strategi. Digitalisering og innovasjon er viktige satsingsområde for nye Vestland fylkeskommune. Som HR-direktør vil du vere ein pådrivar i arbeidet med å skape ein kultur der fornying, forbedring og effektivisering står sterkt.

HR-direktøren vil ha overordna ansvar for leiing, samordning og utvikling av det HR-faglege arbeidet i fylkeskommunen. Den sentrale HR-seksjonen har ca. 30 tilsette innan områda rekruttering, rådgjeving, løn og HMS/kvalitetsstyring. Seksjonen vil ha eit sektorovergripande ansvar for tilrettelegging og oppfølging av alt HR-relatert arbeid i organisasjonen.

Mykje av det daglege, operative HR-arbeidet skal skje lokalt i fagavdelingane og HR-direktøren får ei viktig koordinerande rolle i denne prosessen.

Vestland fylkeskommune er ein politisk styrt organisasjon. Som HR-direktør har du ansvar for å tilrettelegge saksgrunnlag for politiske prosessar og følgje opp politiske vedtak innanfor HR-området.

HR-direktøren inngår i leiargruppa til fylkesdirektør organisasjon og økonomi. Arbeidsstad er Bergen/Leikanger. Vi legg vekt på at HR-direktøren skal vere synleg og til stades i heile organisasjonen.

Vi ønskjer

Kvalifikasjonar

- Relevant høgare utdanning, fortrinnsvis på masternivå
- Relevant erfaring frå strategisk HR-arbeid, gjerne i store/komplekse verksemdar
- Solid leiarerfaring med dokumenterte gode resultat
- Erfaring frå offentleg sektor og god kjennskap til lov- og avtaleverk i det offentlege er ein fordel

Personlege eigenskapar

- Gode relasjonsskapande evner, samarbeidsorientert og glad i menneske
- Nytenkjande og strategisk i tilnærming
- Strukturert og løysingsorientert innstilling
- Stor arbeidskapasitet med evne til å prioritere og delegere
- Sterk verdiforankring og høg etisk standard
- Framoverlent haldning og gode kommunikasjonsevner

Vi tilbyr

Vi tilbyr ein unik mogelegheit til å vere med på å utvikle ein av dei viktigaste samfunnsaktørane på Vestlandet, i eit miljø prega av høg kompetanse og engasjerte tilsette.

Generell info

Spørsmål om stillinga kan rettast til Mercuri Urval ved Gro Reinertsen tlf. 975 59 058 eller Anders Kleppe Norheim tlf. 975 59 059.

Søk på stillinga Snarast, og seinast 20.08.2019. Alle førespurnader til Mercuri Urval blir handsama konfidensielt, om ønskjeleg òg overfor oppdragsgivar.

Om Vestland fylkeskommune

Hordaland og Sogn og Fjordane blir til Vestland fylkeskommune frå 2020. Det nye fylket vert slagkraftig med nærare 650 000 innbyggjarar. Vårt samfunnsoppdrag er å setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Vi er ei utprega kompetanseverksemd med 6 500 dyktige og engasjerte medarbeidarar innan ei rekkje fagfelt.

Den nye organisasjonen er i støypeskeia med mange viktige oppgåver som skal løysast, ikkje minst skal vi byggje opp ein sterk felles kultur og identitet.

Additional information

Place of service:

Bergen/Leikanger